



fredheimkvasnesduo legg stadig nye alen til sin musikalske vekst. Her spelar dei på Dr. Munk laurdag. (Foto:Ola Matti Mathisen)

fredheimkvasnesduo har eksistert i tre år og gitaristane, uskedelingen Gjermund Fredheim og sunnmøringen Harald Kvasnes har vorte atskillig meir profesjonelle for kvar gong vi høyrer dei.

Den timelange konserten deira laurdag ettermiddag på Dr. Munk på Husnes var eit førebels høgdepunkt i rekkja av konsertar som dei har gjeve i Kvinnherad. Så er dei da også godt på tur mot mastergraden i klassisk gitarspel.

Ikkje minst er det imponerande kor allsidige gutane er. Denne gongen fekk vi ikkje høyra eit einaste "gamaldags" gitarnummer, nesten berre 1900-talsmusikk sto på programmet. Ja, dei tok jamvel steget over siste århundreskifte med ein komposisjon av ein engelskmann.

Ellers var det ein i høgste grad global musikktime vi fekk vera med på: Gitaristane var inno for både England, Argentina, Spania, Brasil, Frankrike – og Noreg - og fleire av numra var både svært originale og svært krevjande speleteknisk sett..

Programleiar Bjørn Skibenes introduserte duoen som "kulturell påfyll i ein travel handle-ettermiddag". Dette var ikkje berre påfyll, det var ei kulturoppleving av første klasse. Diverre var det berre vel 20 frammmøtte, men det skulle ingen tru då gutane sette punktum med nokre heftige tangoar. Då runga klappsalvane gjennom Senteret og dei runda av med eit poetisk og vakkert ekstranummer av Øystein Sommerfeldt.

Apropos Skibenes: Alle som var der kunne slutta seg til takkatala der han gav uttrykk for at Kvinnherad verkeleg har noko å vera stolt av på kulturfronten.

- Og det er kjekt at ungdom som vil noko kjem att og deler med oss kva dei kan, sa han.

Men ein ting undrar oss: Kvifor måtte dei starta både denne konserten og framsyning nummer to av Our Day Out (170 i salen) klokka 14?

Av Ola Matti Mathisen

